

SAK 15/23 MEININGSMÅLING I SAMBAND MED VALGET 2023

Saksopplysning:

I samband med kommunevalet til hausten ønskjer Hallingdølen å gjennomføre ei lokal politisk meiningsmåling med eit representativt utval frå alle kommunane i Hallingdal. (900 intervju) Ei i mars/april og oppfølging i juli/august. Denne meiningsmålinga er det Hallingdølen som finansierer. Så har Hallingdølen kome med eit spørsmål til Regionrådet: Ønskjer Regionrådet å vera med på ei meiningsmåling med aktuelle spørsmål for Hallingdal. Dette må Regionrådet finansiere, og det må skje på fyrste gjennomføring i mars/april.

Det kan vera spørsmål om kommunesamanslåing, hytteutbygging kommunal tenesteyting eller anna.

Grunnen til at spørsmålet kjem no, er at det er ein heilt anna pris om ein tek det i samband med den lokale politiske meiningsmålinga, enn om ein skulle gjort det som ei eige meiningsmåling

Kostnad (eks. mva.):

Pol.mm. utan tilleggsspørsmål:	kr. 53.000,-
Pol.mm. inkludert to tilleggsspørsmål:	kr. 70.000,-
Pol.mm. inkludert tre tilleggsspørsmål:	kr. 78.500,-

Vurdering:

Me har sett på moglege spørsmål som kunne vera aktuelle for ei slik meiningsmåling, sjå under. Likevel står Regionrådet fritt til å utforme spørsmål dei meiner er aktuelle.

Kostnaden for 2 tilleggsspørsmål er ca kr. 17000

Kostnaden for 3 tilleggsspørsmål er ca kr. 22500

- 1. Hvis det hadde vært folkeavstemming i dag om Hallingdal skal bli til en kommune. Ville du ha stemt ja eller nei til dette, eller har du ingen mening?*
- 2. Stiller du deg positiv eller negativ til utbygging av nye hytteområder i områder som ennå ikke er godkjent i noe planverk, eller har du ingen mening?*
- 3. Forslag: På en skala fra 1 helt uenig til 5 helt enig, hvor enig eller uenig er du i følgende utsagn. Jeg er trygg på at kommunen vil gi meg et godt tjenestetilbud når jeg blir eldre*
 - 1: 1 Helt uenig*
 - 2: 2*
 - 3: 3*
 - 4: 4*
 - 5: 5 Helt enig*

Det har vore få om nokon meiningsmålingar på f.eks kommunesamanslåing i Hallingdal. Dagleg leiar meiner dette er ein fin moglegheit til å få fram folkemeininga på spørsmål som er sentrale for Hallingdal.

Forslag til vedtak

Regionrådet ønskjer å finansiere 2-3 tilleggsspørsmål på Hallingdølen si meiningsmåling i samband med valet 2023